

Årleg rapportering

I årleg rapportering skal opplæringskontor, medlemsbedrifter i opplæringskontor og lærebedrifter gi informasjon til fylkeskommunen om opplæringa til lærlingar og lærekandidatar.

Lærebedrifta skal årleg rapportere til fylkeskommunen om opplæringa av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar (opplæringslova § 4-7).

Lærebedrifta pliktar å gi den informasjon som fylkeskommunen krev for å kunne vurdere om godkjenning skal givast eller vidareførast, og for å kunne fastsetje og utbetale tilskott (forskrift til opplæringsloven § 11-3).

Med lærling meiner vi her lærling og lærekandidat.

Med fagprøve meiner vi her fagprøve, sveineprøve og kompetanseprøve.

Med bedrift meiner vi her lærebedrift.

Arbeids- og læremiljø

Lærebedrifta skal skape eit godt arbeids- og læremiljø. Opplæringslova § 4-4	Ja	Nei
Har bedrifta rutinar for å skape eit godt arbeids- og læremiljø?		

Intern plan

Lærebedrifta skal utvikle ein intern plan for opplæringa, for å sikre at lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lærekandidaten får ei opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen. Opplæringslova § 4-4	Ja	Nei
Den interne planen kan være web basert, på papir eller en app på mobilen.		
Har bedrifta utvikla ein skriftleg intern plan for opplæringa?		

Vurdering

Eigenvurderinga er ein del av undervegsvurderinga, og formålet med eigenvurderinga er at eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten reflekterer over og blir bevisst på eiga læring. Eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling. Forskrift til opplæringslova § 3-12	Ja	Nei
Sørgjer bedrifta for at lærlingen deltar aktivt i vurdering av eiga opplæring?		

Halvårsvurdering

Halvårsvurdering er ein del av undervegsvurderinga for lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar. Halvårsvurderinga er utan karakter og skal beskrive kompetansen til lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten i forhold til kompetansemåla i læreplanverket. Ho skal også gi rettleiing om korleis lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten kan auke kompetansen sin i faget. Instruktøren gjennomfører halvårsvurderinga utan karakter. Forskrift til opplæringslova § 3-14	Ja	Nei
Gjennomfører bedrifta ein samtale med lærlingen kvart halvår?		

Fagleg leiar

Ei lærebedrift skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har ansvaret for opplæringa, og skal sjå til at opplæringslova med forskrifter blir oppfylt. Opplæringslova § 4-3	Ja	Nei
Har bedrifta ein eller fleire faglege leiarar?		

Instruktør

Kvar enkelt bedrift skal ha ein eller fleire instruktørar som står føre opplæringa av lærlingane, praksisbrevkandidatane og lærekandidatane. Opplæringslova § 4-3	Ja	Nei
Fagleg leiar og instruktør kan vere same person.		
Har bedrifta ein eller fleire instruktørar?		

Representant for dei tilsette

Ein eller fleire representantar for arbeidstakarane skal saman med den eller dei faglege leiarane jamleg sjå til at lærebedrifta følgjer pliktene etter opplæringslova med forskrift. Opplæringslova § 4-7	Ja	Nei
Har bedrifta ein eller fleire representantar for dei tilsette?		

Endring og heving av lærekontrakt

Endring og heving av lærekontrakt og opplæringskontrakt. Opplæringslova § 4-6	Ja	Nei
Kjenner bedrifta til regler og rutinar for endring og heving av lærekontrakt?		

Intern kvalitetssikring

Lærebedrifta skal ha intern kvalitetssikring, slik at lærlingen, praksisbrevkandidaten eller lære kandidat en får opplæring i samsvar med lova her og forskrifta til denne. Opplæringslova § 4-7	Ja	Nei
Bedrifta har intern kvalitetssikring som sikrar at lærlingen får opplæring i samsvar med opplæringslova med forskrifter.		

Lærebedriftsundersøkinga (LBU)

Med lærling meiner vi her lærling og lære kandidat.

Med fagprøve meiner vi her fagprøve, sveineprøve og kompetanseprøve.

Med bedrift meiner vi her lærebedrift.

Opplæring i skole som utgangspunkt for opplæring i lærebedrifta

Kor einig eller ueinig er du i desse utsegnene?	Heilt ueinig	Nokså ueinig	Verken ueinig eller einig	Nokså einig	Heilt einig
Årets lærling(ar) var fagleg førebudd(e) på læretida etter opplæringa i skole					
Årets lærling(ar) forsto godt krava i arbeidslivet då han/ho/dei begynte på læretida					
Årets lærling(ar) er motivert(e) for å lære faget					

Yrkesfagleg fordjuping (YFF)

I yrkesfagleg fordjuping (YFF) har elevane praksis i bedrift. Kor einig eller ueinig er du i desse utsegnene?	Heilt ueinig	Nokså ueinig	Verken ueinig eller einig	Nokså einig	Heilt einig
Bedrifta brukar YFF til å rekruttere lærlingar					
YFF gjer elevar viktig kjennskap til arbeidslivet					
YFF gjer elevane meir fagleg førebudde til læretida					
Bedrifta samarbeider med vidaregåande skole om innhald i YFF					

Intern plan

Bedrifta skal utvikle ein intern plan for opplæringa. Han skal sikre at du får riktig opplæring i faget. Den interne	Ja	Ja delvis	Nei	Veit ikkje
--	----	-----------	-----	------------

planen kan være webbasert, på papir eller ein app på mobilen.

Bruker bedrifta den interne planen i opplæringa?

Læreplan

Læreplanen er grunnlaget for kva lærlingen skal lære i faget.	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje
---	--------------------	--------------------	--------------	-------------------	-------------------	------------

I kor stor grad har di bedrift gjort lærlingen/-ane kjend(e) med læreplanen?

Medverknad, rettleiing og eigenvurdering

Eigenvurderinga er ein del av undervegsvurderinga, og formålet med eigenvurderinga er at eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten reflekterer over og blir bevisst på eiga læring. Eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

Forskrift til opplæringslova § 3-12

I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad
--------------------	--------------------	--------------	-------------------	-------------------

I kor stor grad deltar lærlingen i planlegginga av eige arbeid?

I kor stor grad deltar lærlingen i vurderinga av eige arbeid?

I kor stor grad er lærlingen kjend med kva de vektlegg når de vurderer utført arbeid?

I kor stor grad får lærlingen tilbakemelding på gjennomførte arbeidsoppgåver?

Fagprøve

Berre bedrifter med 2. års lærlingar skal få dette spørsmålet (i tilfelle 1. års lærlingane blir inviterte til å delta).

Målet med opplæringa er at lærlingen skal ta fagprøve.

I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad
--------------------	--------------------	--------------	-------------------	-------------------

I kor stor grad er lærlingen/-ane kjend(e) med kva han/ho/dei skal kunne for å bestå fagprøva?

I kor stor grad er lærlingen/-ane kjend(e) med korleis fagprøva skal gjennomførast?
